

+ KYRKJEHELSING

KYRKJELYDSBLÅD FOR ØSTERØY



NR. 4 HAUST 2013
38. ÅRGANG

**OSTERØY
PRESTEGJELD
TILSETTE/RÅD
OG UTVÅL**

Kyrkjekontoret ved Rådhuset
Opningstider: Mån - fre: 08.00 - 15.00
(Måndag er fridag for prestar og organistar)

TLF: 56 19 22 80 FAX: 56 19 22 81
E-MAIL: kyrkje@osteroy.kommune.no
HEIMESIDE: www.osteroy.kyrkja.no

Direkte innval:

Helge Kolstad	56 19 22 80
Tom Sverre Tomren	56 19 22 82
Inge Sørheim	56 19 22 83
Organist Per Inge Hove	56 19 22 85
Organist Baard Eikaas	56 19 22 84
Ruth Hauge	56 19 22 86

Trusmedarbeidar:

Helga Askeland Mjelstad 56 19 22 85

Prestane:

Sokneprest Tom Sverre Tomren
Tlf: 45 63 68 93

Sokneprest Inge Sørheim, Hosanger
Tlf: 56 39 26 66 - 90 62 00 46

Kyrkjemusikk:

Organist Per Inge Hove 56 19 22 85
Organist Baard Eikaas 56 19 22 84

Kyrkleleg fellesråd:

Leiar: Roger Breivik - 913 82 424
Nestleiar: Jenny Eikelund
Margrethe R. Ådland, Audun Mosevoll,
Jan Roald Myking, Wenche Fiskeseth, Inge Sørheim.

Soknerådsleiarar:

Gjerstad: Roger Breivik
Hosanger: Jan Roald Myking
Hamre: Merethe Mjelstad
Haus: Madli Hannisdal
Bruvik: Wenche Fiskeseth

Kyrkjehelsing redaksjonsnemd:

Redaktør: Kristoffer Foldøy
Tlf: 56 39 45 42 - 476 18 124
E-mail: kristofferfo@gmail.com

Hild Breivik
Madli Hannisdal



Det er september og plommer i hagen min. Eg har stått på sidelina og gløtta frå bløminga i mai til frukta no kan haustast. Eit lite under kvart år. Innsatsen min er minimal. Det må vera jordsmonnet, eller lyset her i skråninga mot sørvest. Eg kjem på uttrykket ”det er dei dummaste bøndene som får dei største potetene”. Fruktdyrking har eg lite greie på, men eg vaktar trea mine.

I Bibelen er det mange forteljingar som tek utgangspunkt i natur og avling. Vi menneske har alltid vore opptekne av det samspelet, livsgrunnlaget vårt har vore avhengig av det jorda kunne avla, og er det framleis.

Nokre historier set seg djupare i hukommelsen enn andre. Forteljinga om den bortkomne sonen er ei slik, som vi ser ei framstilling av på forsida. Likninga som Jesus fortalte handlar om noko ålment, slik at vi alle kan leva oss inn i det som vert fortalt. Vi finn likninga i Lukas 15, 11 – 32. To brør har fått dela arven mellom seg. Den yngste reiser bort og brukar alt opp på fest og svir. Den eldste er att heime og jobbar på garden med far sin. Når den yngste ikkje har meir att av arven, må han ta teneste mellom dei mest elendige, og maten hans er slikt dei føder grisane med. Så tek han mot til seg og dreg heim, tyngd av därleg samvet. Han vil be om å verte tenar på garden heime, men faren tek kjærleg og omsorgsfullt i mot han og vil laga til fest for den heimkomme sonen. Storebroren tek dette ille opp. Faren har aldri laga fest for han, endå han har slite trufast på garden alle dagar. Men faren seier: ”Du er alltid hjå meg, guten min, og alt mitt er ditt. No skal vi vera glade, for denne bror din var død og har vorte levande, han var bortkommen og er attfunnen.”

Rembrandt (1606 – 1669) si tolking av heimkomsten er rørande sår og kjenslevar. Det er eit av dei siste bileta den nederlandske kunstnaren laga. Faren tek undrande og varsamt imot denne skrøpeleg kledde sonen, barbert på hovudet som ein brotsmann eller pestsjuk. Vi ser ikkje draga i andletet til han som kjem heim, men anar både smerte og skamkjensle. Fargane går i haust - brunt, det er tida for å samla saman det som har vakse på jorda. Kunstekspertar meiner at den venstre handa til faren representerer dei maskuline kvalitetane, ho virkar større og kviler på skuldra til sonen. Faren si høgre hand er mjukare, meir varsam og feminin i uttrykket, som handa til ei mor. Vi kan også lesa biletet som møtet mellom det stakkarslege mennesket og den gode tilgjevande Gud. Vi veit at Rembrandt var svært oppteken av denne bibelske forteljinga, for han laga mange ulike biletvariantar opp gjennom åra. Han måtte sjølv følgja sin einaste son til grava. Biletet vi har på framsida utgjer om lag halvparten av originalmotivet, for der er også den eldre broren som budde heime med. Oljemaleriet er stort, 2,62 meter høgt og 2,05 meter bredt. Fleire forfattarar og kunsthistorikarar har skildra målarstykket inngående, for det er eit bilet som treff oss også i vår tid.

- Kristoffer Foldøy

Gud har samanfatta alt i Kristus

Andakt v/ Audun Mosevoll

Eg er ein ivrig kryssordløysar. Når haustmørket sig på, er det på ledig kveldstid både avslappande og lærerikt å ta fram ei kryssordoppgåve.

I oppgåva kan eg til dømes finna stikkordet konkludera. Då kan svaret gjerne verta samanfatta.

Eg likar så godt dette ordet samanfatta. For når det dukkar opp, hjelper det meg til å få augene opp for ein bodskap. Dessverre manglar ei slik skikkeleg samanfatning på ulike områder. Til dømes mange gonger når du skal lesa bruksanvisningen for eit produkt.

Som journalist var det til stor hjelp for meg når eg skulle presentera ein rapport eller undersøking, at stoffet hadde ei oppsummering, eller ein konklusjon.

Men det beste for meg er at ordet samanfatta møter meg i Bibelen. I bokmålsbibelen min står det slik i Ef 1, 10: ”Å sammenfatte alt i Kristus”! I nynorskbibelen min heiter det her ”sameina alt i Kristus.”

Skal me laga ein konklusjon, ei samanfatting av bibelhistoria frå først til sist, så er konklusjonen eit einaste ord: Kristus. Alt du treng for himmel og jord er gøynt i dette eine ordet, syng me i ein song, og ordet er Kristus.

Å syna for oss at alt er samanfatta i Kristus, er også eit tema i Paulus sitt brev til kolossalane. Der vert linene trekt opp frå skaping til forsoning, alt samanfatta i og ved Kristus.

Kva er samanfatta i Kristus? Den sanne Gud og det sanne menneske, fortel Bibelen oss.

Kristus som sann Gud: I Joh 10, 30 seier Jesus: ”Eg og Far er eitt”. Eit utsagn som den gongen skapte mykje strid. I Jesus møter me både skaparen og den heilage Gud.

Eit vers som uttrykkjer dette så uendelig fint, finn me i Joh 1, 18:

”Ingen har nokon gong sett Gud, men den einborne som er Gud, og som er i fangset til Far, han har synt oss kven han er.”

I Kolossalane 1 ,19, står det om Jesus: ”For i han ville Gud la heile sin fylde bu.”

Og Johannes seier det same i i sitt evangelium (Johs1, 16): ”Av hans overflod har vi alle fått, nåde over nåde.”

Eit namn som vert nyitta om Kristus, er Ordet, logos. Ordet, slik det kjem til oss i Jesus, er bærar av den guddommelege sanninga om ein guddommeleg person, som ein har uttrykt det.

Kristus er det fullkomne uttrykket for Faderen sitt vesen. Alt det menneske kan skjøna om Gud er openberra i Ordet som vart kjøt.

Når det gjeld Kristus som sant menneske , ligg det ei lina frå skaping til forsoning.

”Og Ordet vart menneske og tok bustad mellom oss, og vi såg hans herlegdom, ein herlegdom som den einborne Sonen har frå Far sin, full av nåde og sanning.” (Joh 1, 14)

”Sidan borna er av kjøt og blod, måtte han og fullt ut bli som dei, for at han med sin død skulle gjera ende på han som har dødens makt, det er djevelen, og fri ut alle dei som av redsle for døden var under slavekår heile sitt liv.” (Hebr. 2,14)

Jesus kom til verda som eit sant menneske.

Det sanne mennesket Jesus var også ein øvsteprest mellom menneske:

Hebr 5, 1:

”Ein øvsteprest blir alltid vald ut blant menneske og innsett til å gjera teneste for menneske framfor Gud. Han skal bera fram gåver og offer for synder.”

Hebr 5, 7:

”Då Jesus levde som menneske, bad han i naud med høge rop og tårer til han som kunne berga han frå døden, og han vart bønhøyrd fordi han var gudfryktig. Endå han var Son, lærde han lydnad ved å lida. Då han hadde nådd fullendinga, vart han ei kjelde til evig frelse for alle som lyder han...”

Hebr. 4, 14 ff: ”Sidan vi no har ein stor øvsteprest som har gått gjennom himlane, Jesus, Guds son, så lat oss halda fast på vedkjenninga! For vi har ikkje ein øvsteprest som ikkje kan lida med oss i vår vanmakt, men ein som er prøvd i alt på same måten som vi, men utan synd.”

Så er me kalla til å vera sanne menneske. Me lever i eit verdsleg samfunn med mykje av det me godt kan kalla heidenskap rundt oss. Til oss er det som apostelrøysta fra Paulus roper :

Lev ikkje lenger slik som heidningane! (Ef 4, 17)

Legg av det gamle mennesket som blir fortært av dei forførande lystene. Bli nye i sjel og sinn! Kle dykk i det nye mennesket, som er skapt etter Guds bilete i rettferd og heilagdom i samsvar med sanninga. (Ef 4, 22-24)

Det nye mennesket er det sanne menneske. Det nye mennesket er vi som kristne i den bibelhistoriske samanfatninga: Kristus!

FRILUFTSGUDSTENESTE PÅ REVHEIMSSTØLEN 7. JULI 2013



7. juli vart det for andre året på rad arrangert friluftsgudstenesta på Revheimsstølen i regi av Gjerstad sokneråd, Osterøy fråhaldslag og Lions klubb Osterøy.

Kring 50 personar i alle aldrar tok turen til fjells denne fine sommardagen og fann seg sete i og kring stølsgrunnane. Høgt oppe i grøne Fannalen fortalde kvite og rørlege flekkar om godt beite for sauene, medan brune brakabusker vitna om ein hard vinter for Osterøyplanten. Nokre av dei frammøtte hugsa truleg tilbake til den tid då stølshusa framleis stod, men mange år er gått sidan kyrene sist vart samla på sætravollen og mjølka morgon og kveld. Ein av dei frammøtte, Noralv Halland, minntest å ha blitt servert rjomakolla på stølen det siste året, mot slutten av 1930-talet.

Sildrande vatn i bekkar og elv på veg mot Sildatjønna og Storavatnet laga ei fin råme kring gudstenesta i dalbotnen under Vindegga, med Skoddberget som altertavle og Innsetberget på orgelplass. I tillegg til dagens tekst hadde sokneprest Tom Sverre Tomren naturleg nok fokus på kyrkja sitt sterke og viktige miljøengasjement. Avtropende organist Trent Bruner på gitar gav fint tonefølge til velvalde salmar.

Etter gudstenesta fekk Trent Bruner velfortent takk og heder for den gode jobben han har gjordt som organistvikar i Gjerstad kyrkje. Kjellaug Hartveit fortalte at han skulle få ein rhodondendronplante, som kunne slå rot og vekse vidare, som takk frå Gjerstad sokneråd.

Helge Mjelde fortalte interessant om mange tiltak, prosjekt og alt positivt som Lions klubb Osterøy støttar, jobbar og bidreg med.

Til slutt avdekkja Kjellaug Hartveit frå Osterøy fråhaldslag skiltet til post nr 2 i Osterøytrrimmen og avslørte kva bokstav som skjulte seg der.

Referent Lillian Karin Bjørnseth





BEWARE MEG VEL!

Nokre kleplagg mister verdi etter berre eit halvt års tid. Dei vert umoderne, og kjem på salg. Men med andre tekstiler er det motsett: Verdien stig med alder og bruk. Bevaringstenestene i Salhus har fått i oppdrag å setja i stand ein messehakel frå 1755 etter at Riksantikvaren gav eit tilskot på 132 000 kroner til Hamre sokneråd. Eit flott og eineståande tekstil blir no preparert av kyndige hender.

Tekst: Kristoffer Foldøy
Foto: Oda Karoline Foldøy

Messehakelen, som har hørt til og vart oppbevart i Hamre kyrkje, vart for ein del år sidan levert til det som no heiter Bevaringstenestene. Denne avdelinga er ein av sju under Museumssenteret i Hordaland, der også Osterøy museum er med. Bevaringstenestene yter service hovudsakeleg til dei andre musea i fylket, men tek også andre konserveringsoppdrag. Vona med å senda messehakelen frå Hamre dit, var restaurering og til så lenge ein tryggare tilhaldsstad. Det gamle plagget hadde det ikkje godt i kyrkja der temperaturen svinga og lufta kunne vera rå. Det vart søkt om midlar til restaureringsarbeidet, men det såg lenge därleg ut. Men her i vår kunne ein oppglødd avdelingsleiar Inger Raknes Pedersen fortelja meg at Riksantikvaren no hadde løyvd midlar til prosjektet.

Til å gjennomføra eit slikt arbeid trengs ekstra eksperthjelp inn i teamet ved Bevaringstenestene. Den vart henta frå England, tekstilkonservator Philippa Moxon er i gang med jobben og reknar å bruka to og ein halv månad på ferdig arbeid. Philippa har spesialutdanning og fleire års erfaring frå arbeid med tekstilkonservering i heimlandet. Også ho er svært oppglødd over utfordinga som ligg utbredda på eit bord i lokala til den tidlegare trikotasjefabrikken i Salhus, her Bevaringstenesta held til. "Beautiful!" seier ho. "Vakker! Og svært spesiell. Så flott silkestoff, det må ha vore kjempedyrt. Og så er det festa perler rundt krossen på ryggen!"

Desse ørsmå perlene har ingen av dei som arbeider med konserveringa i Salhus sett på nokon messehakel før. Det er nokre spesielle perler, med spisse sider, slik at nokre har skore seg fri frå tråden og er blitt borte.

"Denne messehakelen er einestående", seier Inger Raknes Pedersen. "Den er så stor! Spesielt her bak. Det gjekk med mykje stoff, og det kan sjå ut til at dei har utnytta det som var tilgjengeleg."

Ho viser korleis stoffet er skjøtt med fine saumar, eit stykke over aksla er sett inn og vi kan sjå dei nette stinga. Framstykket er mykje betre bevart enn det store ryggstykket med krossen i kremfarga silke kanta med trådblonder og perler. Fargen framme er djupare og klarare, og her er lite slitasje. Truleg har messehakelen vore opphengd med ryggstykket ut og framstykket inn mot veggen, slik at lyset ikkje har bleika silken på same måten der. Philippa viser oss den opphavelege fargen i bredden langs kanten.





A�delingsleiar Inger Raknes Pedersen og tekstilkonservator Philippa Moxon ved arbeidsbordet.

"Han som gjekk i denne ville verkeleg visa seg fram. Denne raudfargen var både djup og strålende."

Plagget ber årstalet 1755. Prest i Hamre på den tid var Jens Bergendahl, han hadde stillinga frå 1749 fram til 1782. Det er truleg han som har vore den første brukaren. Messekakelen har vore mykje i bruk sidan, noko slitasje og tidlegare tiders reperasjonar kan tyda på. Ikkje alle desse har vore like kyndig utført. Her er sett inn ulike lappestykke, spesielt nederst på ryggstykket, der slitasjen har vore størst. Restauratøren ønskjer ikkje å sletta alle spor etter tidlegare reperasjonar. Det er viktig å visa plagget si historie også. Tekstilkonservatorane trur at tøyet i messekakelen kan ha vore nytta til noko anna tidlegare. Det kan ha vore ein annan type kyrkjekstil eller kanskje ein stor festkjole til ei rik dame? Det er vanskeleg å datera tekstilet ut frå mønsteret, for slike vart laga over ein lang periode.

Messekakel er eit plagg for messa i kyrkja, då både prest og biskop kan bæra ein slik. Plagget har vore i bruk heilt sidan kyrkja slo rot i landet vårt. Fargebruken er symbolsk, og raudfargen er nemnd så tidleg som i 2.Mosebok, der Gud gjev Moses påbod om korleis drakten til Aron skulle sjå ut. I vår tid bruker vi fire liturgiske fargar gjennom kyrkeåret: Kvitt, raudt, fiolett og grønt.

Om nokre månader er restaureringsarbeidet ferdig. Den engelske tekstilkonservatoren skal då i gang med nye oppdrag ved Bevaringstenestene ei stund til, før ho tek fatt på nye oppdrag ein stad i verda. Og då set vi på Hamre att med eit klenodie som må takast godt vare på.

Når det gjeld vidare konservering, krev Riksantikvaren i tilskotsbrevet at Hamre sokneråd følgjer konservatorens råd når det gjeld handtering og oppbevaring framover.

Bevaringstenestene er eit nasjonalt kompetansesenter innan tekstilkonservering og gjev råd og rettleiing innan førebyggjande konservering, og utfører direkte konservering på oppdrag frå heile landet.

(www.muho.no/bevaringstenestene/)



ÅPNING AV PRESTEKAEN PÅ BRUVIK

Tekst: Wenche Fiskesteth


Foto: Åse Hartveit Faugstad

I september 2010 oppnevnte Bruvik grendaråd en komite som fikk i oppdrag å gjenreise Prestekaien slik den en gang var. Det tok tre år og 1307 dagnadstimer, men 25. august 2013 sto kaien ferdig. For spesielt interesserte kan det nevnes at det har gått med 60 tonn stein, 24 kubikk betong, 22 impregnerte stolper, 3 jernbaneskinner og trevirke for godt over 60 000 kroner.

Været var strålende da ca 70 personer overvar den høytidelige åpningen. Ole – Johan Steiner gav en grundig gjennomgang av hele prosjektet før sokneprest Tom Sverre Tomren via et historisk tilbakeblikk hadde det store privilegium å døpe kaien med vann fra kirkens døpefont. Etter salmesang og signing ble det hele avsluttet med 3 x 3 klemt – ikke fra kirkeklokkene, men fra jernbøtten som hadde vært brukt til å slå ned kaipelene med. "Ringerne" var yngste og eldste i dagnadsgjengen, Jacob Olsen og Arthur Vassdal.

Den offisielle åpningen ble markert med kanonsalutt av lederen i komiteen, Kjell Ågotnes, og avsluttet med tre ganger tre hurra! Så var kaien døpt, åpnet og klar til bruk. Roende med dansepar og spillemann kom Torgeir Hartveit Faugstad og la til. Dermed var det duket for Jartru og Geir Reigstad til å svinge seg etter lystige toner fra spillemann Rune Hartveit Ingebriktsen. Siste låten var en vals, og da fikk allmuen prøve dansefoten på den 82 kvadratmeter store kaien.


Komiteen takker Bruvik Helselag, Bruvik Sokneråd, Kyrkjeringen, bygdefolket og Sparebanken Vest for økonomisk støtte.



Sokneprest Tom Sverre Tomren dørper den nye kaien.



Dugnadsgjengen, fra venstre: Arthur Vassdal, Ole - Johan Steiner og Kjell Ågotnes.



Den nyrestaurerte kaien er på 82 kvadratmeter.

KONFIRMANTAR I GJERSTAD



Foto: Helge Aspevik

Bakerst frå venstre: Adelheid Saxstad Søgnesand, Viktoria Svenheim Rongved, Petter Gjerstad, Sander Fossdal Gjøstein, Jarle Birkaas Solberg.

Nest bakerste rekkje: Hjalmar Johan Hauge, Vebjørn Vårdal, Johannes Lohne Hatland, Mats Hannisdal, Adrian Hansen Vevletveit, Andreas Gudmundsen Hansen.

Rekkja i midten: Reino Rongved, Frida Hagebø, Kristin Vevle Lone, Heidi – Marie Hovden, Karoline Vik, Maren Engstrøm. Nest framste rekkje: Hanna Skeidsvoll, Malene Hansen Bruvik, Ida Fristad Sjøthun, Anita Løtveit, Kristina G. Mjelstad.

Framme: Sindre Revheim Vevle, Fredrik Evensen, Sokneprest Tom Sverre Tomren, Ingrid Kleiveland, Amalie Malen Kallekleiv Birkaas.

NYTILSETT TRUSMEDARBEIDAR

Dei som les lista over tilsette i Osterøy-kyrkja, vil i haust finna fleire ferske namn. Her er nye organistar, og ein trusmedarbeidar er også tilsett. Vi måtte finna ut kva dette var for noko, så eg inviterte den nytilstette trusmedarbeidaren til eit intervju.

Tekst: Kristoffer Foldøy

Foto: Privat

Helga Askeland Mjelstad kom rett frå stabmøte på kyrkjekontoret. Ho kunne fortelje om ei kjekk samling med trivelege tilsette som hadde fellesamling for første gong etter ferien.

Helga tok til i den 80% store stillinga 1. august, etter at Osterøy fekk tildelt statlege midlar til denne oppgåva. I 2003 vedtok Stortinget ”Reform av kyrkja si trusopplæring” som ei direkte følgje av at trusopplæring ikkje lenger var ein del av den offentlege skulen sitt pensum. Kyrkja skal no tilby ei systematisk opplæring med undervisning, tradisjonsformidling og kristen praksis. Ansvaret fell mykje på kyrkjelydane, og dei siste ti åra har det blitt gjennomført forsøks- og prosjektarbeid på fornya trusopplæring.

Med lang fartstid som lærar i grunnskulen burde Helga vera godt skikka til oppgåva. Ho søkte stillinga med tanke på å nyttja denne pedagogiske erfaringa vidare. Målgruppa for arbeidet hennar er noko større enn grunnskulen, det strekkjer seg over aldersgruppa frå 0 til 18 år. Ho har allereie halde på med Babysong i fire år, og vil fortsetja med det. I haust vert det tilbod på Gjerstad og Hamre.

Jobbfeltet hennar skal ikkje erstatta eksisterande kristne tilbod som er i aktivitet kringom, men styrkja det som er og samarbeida med dei. Ho ønskjer også å inspirera til nye tiltak. Trusmedarbeidaren skal altså overta arbeidet for nokon. Samarbeidspartane hennar vert i tillegg til dei kyrkjeleg tilsette også sokneråda og frivillige medarbeidrarar. Arbeidet vert tilrettelagt ut frå ein plan som vart vedteken i 2009, ”Plan for trusopplæring”. Kvart sokn har også utarbeidd sin eigen plan for dette arbeidet. Og no vil Helga rundt omkring for å sjå korleis dei ulike tiltak og aktivitetar som finns på Osterøy fungerer, og møta dei som står bak.

Arbeidsoppgåvene som trusmedarbeidaren skal gripe tak i vert utforma i lag med samarbeidspartane. For å få inspirasjon og nye idear er det også laga til eit samarbeid med andre kommunar som har denne tenesta aktiv. Det vert også kursing og rapportering, for ein må sjølvsgå gjere greie for korleis dei statlege midlane vert nytta.



Vi ønskjer Helga lukke til i den nye stillinga!

KYRKJESKYSS TIL GJERSTAD:

Kjellaug Hartveit, tlf. 56 39 01 46,
mobil 970 25 127

Roger Breivik, mobil 913 82 424

KYRKJESKYSS TIL HAUS:

Frå Sundland / Votlo: Anette Kårvatn
908 74 357

*Ver ikkje redd for å ta kontakt. Me ynskjer at folk kjem til kyrkje!
Om ikkje dei oppsette personane kører sjølv, får dei andre til å gjera det.*

Frå Havrå / Kvisti: Signe Hannisdal
991 24 257

Frå Rolland / Mjeldalen: Madli og
Olav Hannisdal 913 30 928

KYRKJESKYSS TIL BRUVIK:
Otto Mo 95 99 84 69
Erling Bruvik 95 85 49 15



DEN NORSKE KYRKJA

Osterøy

SEPTEMBER

22. september 2013, 18. sundag i treeiningstida

Mark 1,40-45

Bruvik kl 11: Høgmesse. Nattverd.
Konfirmantpresentasjon. Tomren.

Haus kl 17: Høgmesse. Nattverd.
Konfirmantpresentasjon. Tomren.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
Konfirmantar med føresette og resten av
kyrkjelyden er velkomne til kyrkjekaffi i
kyrkjelydshuset etter gudstenesta.

29. september 2013, 19. sundag i treeiningstida

Luk 9,57-62

Hamre kl 11: Høgmesse. Dåp. Nattverd. Sørheim.
50-årskonfirmantar. Takkoffer til
kyrkjelydsarbeidet.

Gjerstad kl 19: Høgmesse med ung fokus.
Konfirmantpresentasjon.
Presentasjon av nytt vegteppe ved
kunstnar Martha Kløve Juuhl.
Presentasjon av nytt sokneråd.
Nattverd. Tomren. Kyrkjekaffi.

OKTOBER

Sundag 6. oktober 2013, 20. sundag i treeiningstida
Hosanger kl 11 Høgmesse. Dåp. Nattverd.
50-årskonfirmantar.

Sundag 13. oktober 2013, 21. sundag i treeiningstida
Luk 12,13-21
Haus kl 11 Familiegudsteneste. Dåp. Hausttakkefest.
Utdeling av bok til 4-åringane. Tomren. Takkoffer til
Bergen søndagsskolekrets. Kyrkjekaffi.

Sundag 20. oktober 2013, 22. sundag i treeiningstida
Luk 10,25-27
Gjerstad kl 11 Høgmesse. Hausttakkefest. Nattverd.
Utdeling av bok til 4-åringane. 50-årskonfirmantar.
Tomren. Kyrkjekaffi.

Hamre kl 16: Sprell Levande Familiegudsteneste.
Dåp. Nattverd. 4-årsbok. Takkoffer til IKO - kirkelig
pedagogisk senter. Sørheim. Kyrkjekaffi.

Sundag 27. oktober 2013, Bots- og bededag Luk 15,11-32

Hosanger kl 16: Sprell Levande Familiegudsteneste.
Dåp. Nattverd. 4-årsbok. Fotlandsvåg
søndagsskule deltek. Takkoffer til IKO -
kirkelig pedagogisk senter. Sørheim.
Kyrkjekaffi.

Bruvik kl 17: Familiegudsteneste. Tomren.
Utdeling av bok til 4-åringane.

NOVEMBER

Laurdag 2. november 2013, Helgemesseafstan

Hosanger kl. 16: Minnegudsteneste. Me minnast dei
avlidne siste året i Hosanger sokn. Sørheim.

Hamre kl 18: Minnegudsteneste. Me minnast dei
avlidne siste året i Hamre sokn. Sørheim.

Sundag 3. november 2013, Helgemessesundag

Luk 6,20-23

Haus kl 11: Minnegudsteneste. Me minnast dei
avlidne i Haus sokn siste året.
Tomren. Takkoffer til
Institutt for sjelesorg Modum bad.
Kyrkjekaffi.

Bruvik kl 17: Minnegudsteneste. Me minnast dei
avlidne siste året i Bruvik sokn denne dagen.
Tomren.

Gjerstad kl 19: Minnegudsteneste. Me minnast dei
avlidne i Gjerstad sokn siste året. Tomren.

Sundag 10. november 2013, 25. sundag i treeiningstida

Hosanger kl 11: Høgmesse. Dåp. Nattverd.
Sørheim. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

**Sundag 17. november 2013, 26. sundag i
treeiningstida Luk 13,10-17**

Haus kl 11 Høgmesse. Nattverd. Tomren. Takkoffer til Døveskulen i Kamerun. Kyrkjekaffi.

**Sundag 24. november 2013, Siste sundag i
kyrkjeåret Joh 9,39-41**

Hamre kl 11: Høgmesse. Dåp. Nattverd. Sørheim. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Gjerstad kl 17: Gudsteneste i samband med Ungdomsåret. Tomren. Trusopplærar Helga Mjelstad deltek.

DESEMBER

**1. desember 2013, 1. sundag i adventstida Luk
4,16-22a**

Haus kl 11: Familiegudsteneste. Lys våken. Tomren.

Hosanger kl 11: Sprell Levande Familiegudsteneste. Dåp. Nattverd. Fotlandsvåg sondagsskule deltek. Takkoffer til Osterøy sondagsskulelag. Sørheim.

3 K

Er du gut eller jente i 3.-7. klasse?
Likar du å laga noko med hendene dine?

Kom på 3k (kristen kreativ klubb) på
Fitje bedehus kl. 17.30 til 19.30:
25. januar
8. februar
22. februar
7. mars
21. mars

Det vert ulike handtverksaktivitetar, ein liten andakt og litt å bita i.

Det kostar 200 kr for desse 5 samlingane. Alle som er med i 3K får gratis medlemskap i Fitje sondagsskule.
Ta med ei utbrukt dongeribukse, om du har.

NB! Påmelding til: Gerd Karin Njåstad tlf.
48000637/56392253

**Du og barnet ditt er velkomne til
BABYSONG i Hamre kyrkje eller
Gjerstad kyrkje annankvar onsdag
kl.12.00-13.00**

Hamre kyrkje, borgstova:

11. september 2013, 25. september 2013, 9. oktober 2013,
23. oktober 2013, 6. november 2013, 20. november 2013

Gjerstad kyrkje, dåpssakristiet:

4. september 2013, 18. september 2013, 2. oktober 2013
16. oktober 2013, 30. oktober 2013, 27. november 2013

Babysong er for deg som har barn mellom 0 og 1 år.
Håpet er å inspirera deg til å syngja saman med barnet.

Her kan ein få repetera kjente barnesongar og læra rim, regler, vogggesongar og barnesalmar.

Dersom de ønskjer å delta, ver venleg å gi beskjed via sms på tlf.nr: **48095658** eller ring **56 19 22 85**.
Dei første som melder si interesse får først plass!

Tilbodet er gratis.

Trusmedarbeidar Helga Askeland Mjelstad driv dette.

Ta med eit godt teppe/liggeunderlag til barnet ditt!

Venleg helsing

***Helga Askeland Mjelstad, trusmedarbeidar
For Hamre og Gjerstad sokneråd***

Slekters gang

Døypte:

Haus

17.03. Emma Hestnes Vik
 07.04. Camilla Dyvik
 07.04. Nicholas Vangen
 19.05. Mikal Torgersen Hundhammer (Døypt i Røvær, Haugesund)
 23.06. Ronja Stokken
 04.08. Elvira Norpoll Hella

Gjerstad

24.02. Isabel Hopsdal Daltveit
 10.03. Natalia Daltveit Bysheim
 31.03. Theodor Bølstad Stølsli
 31.03. Julia Steine
 31.03. Noah Høylo Tiemann
 21.04. Lilli Sofia Småland Solberg
 30.06. Fillip Andre Sæterstøl (Fredrikstad)
 28.07. Selma Reigstad Myking

Hamre

03.03. Elida Birkaas
 03.03. Joakim Smette Rønhovde
 30.03. Lena Oliwia Myking Vedå
 14.04. Victoria Flaten
 14.04. Amalie Flaten
 14.04. Leon-Nikolai Seilen Ågotnes
 20.05. Isak Orvedal
 20.05. Andrea Lundgren Aasheim
 02.06. Emrik Olai Raknes Vikheim
 02.06. Isak Håland Horgen
 02.06. Storm Olsen-Fotland
 02.06. Oda Hustrulid Megard
 30.06. Aurora Hopland Håland
 30.06. Lucas Hekland Kristiansen
 28.07. Attila Orvedal Kiil
 18.08. Michael Myklebust Nordås
 18.08. Malena Nithoer Hustrulid

Hosanger

10.03. Aron Thomassen Pedersen
 07.04. Leander Olsen Skjerping
 07.04. Julian Olsen Skjerping
 07.04. Sofie Hole Maziliauskaite
 07.04. Fredrik Bruvik
 26.05. Lilja Olsnes Pedersen
 16.06. Mathilda Mjøs
 16.06. Josefine Rossland
 16.06. Mathilda Mjøs
 25.08. Olai Nesheim

Vigde:

Haus

16.02. Maren Evensen og Ole Andre Reigstad
 18.05. Julita Pascua Bernaldez og Per Thomsen
 15.06. Kristina Åshem og Alexander Krossøy
 24.08. Miriam Revheim og Anders Lerås Nesse
 31.08. Marie Bøe Myking og Jarle Hovland

Hamre

16.02. Kristin Hjellvik og Øystein Espelid
 13.04. Sara Linea Vedå og Svein Harald Birkeland
 11.05. Bente Tallaksen og Trond Hjellvik
 15.06. Tanja Gjelsvik og Onar Hjellvik
 22.06. Elin Holme og Dag Åge Eide
 29.06. Linda Skaug og Øystein Abelvik Tangvik
 06.07. Stine Anita Birkkaas Solberg og Bjarte Fosmark
 13.07. Helene Skår og Scott Persival
 03.08. Camilla Thunestveit og Kim Are Johannessen

Hosanger

25.05. Therese Borge Bjelland og Erik Espelid Lie
 29.06. Cecilie Hopsdal og Andreas Hagen Hella
 03.08. Gyrl Kristine Nes og Erling Ragnvald Vikesund
 10.08. Lisa Cseresnyés og Kristian Ellingsen

Gjerstad

27.07. Margrethe Revheim og Sigtor Runarsson

Bruvik

26.07. Eliane Mo og Eivinn Revheim

Gravlagde:

Haus

20.11.12 Klara Leonora Skjerping (f.1941)
 23.11.12 Erna Lilly Vatle (f.1932)

Hosanger

15.02. Erling Magnus Hole f.1926
 26.02. Ingeborg Hanstveit f. 1908
 01.03. Bjørg Kleppe f. 1932
 05.03. Guri Marie Jørgensen f. 1938
 05.03. Brigt Nesheim f. 1924
 12.04. Arne Kallekleiv f. 1927 (bisett)
 d. 11.04. Eldrid Helen Andreassen f. 1950 (gr.l. Askøy)
 11.06. Mikal Birger Risholm f. 1920
 21.06. Oddlaug Birkeland f. 1921
 12.07. Karen Røsland f. 1910 (bisett)
 06.08. Marta Strømsnes f. 1912 (bisett)

Gjerstad

19.02. Alfred Martin Mæhle f. 1915
 30.04. Olav Sigmund Tyssebotn f. 1936
 03.05. Øystein Nygård f. 1920
 07.05. Reidar Vedå f. 1927
 09.07. Sverre Kallekleiv f. 1919 (bisett)
 02.08. Harald Tveiterås f. 1940

Haus

22.02. Ingfrid Aasheim f. 1926
 08.03. Mons R. Mjelde f. 1918
 23.05. Nils Mjelde f. 1927 (gr.l. Arna)
 28.05. Leif Mjølkeråen f. 1935
 04.06. Anne Britt Mjelde f. 1968
 07.06. Agnes Åsheim f. 1921
 16.08. Jorunn Asta Birkeland f. 1952
 20.08. Brita Rivenes f. 1946

Hamre

22.03. Marit Mjelde f. 1932
 12.04. Signe Valestrand f. 1920
 16.04. Trygve Tufta f. 1913
 15.04. Lars M. Birkeland f. 1924 (bisett)
 07.05. Jenny Tvedt f. 1918 (bisett)
 24.05. Johan Rongved Reigstad f. 1920
 14.06. Alfrida Nora Rønhovde f. 1916

Bruvik

05.04. Normann Stokke f. 1918
 09.04. Olga Margrete Skaftun f. 1921
 18.06. Knut Helge Vangsnes f. 1959
 23.07. Annfrid Berthea Skaftun f. 1932

TAPT

Nokre gonger tapar vi ein fotballkamp eller eit vedde-mål med kameratane. Andre gonger opplever vi langt meir alvorlege tap. For dei tapa finst Kirkens SOS, menneske med erfaring i å lytte til og støtte andre. Ring oss anonymt kva tid som helst på 815 33 300 eller kontakt oss på kirkens-sos.no. Vi er her. Alltid.




BLINK HUS

Helge Rød as

BLINK HUS Helge Rød | 5281 Valestrandsfossen
www.helgerod.no | Tlf: 56 19 37 00 | Mob: 45 24 54 85

DER GODTFOLK TREFFES
OSTERØYKROA
56193434



YX Osterøy Servicesenter
5281 Valestrandsfossen
56 39 41 86

Revheim Gravferdshjelp

Telefon: 56 39 21 73
Revheim
5282 Lonevåg



SparebankenVest
- satsar på Vestlandet

MISTET

Nokre gonger mistar vi ein paraply eller ein hanske. Andre gonger opplever vi å miste noko langt meir alvorleg. For dei tapa finst Kirkens SOS, menneske med erfaring i å lytte til og støtte andre. Ring oss anonymt kva tid som helst på 815 33 300 eller kontakt oss på kirkens-sos.no. Vi er her. Alltid.



TOTALLEVERANDØR AV
ELEKTROINTALLASJONER
AUTORISERT EL- OG TELEINSTALLATØR
Thunestvedt

Bergen 55 39 19 00 | Osterøy 56 19 39 00
www.thunestvedt.no


TAKK FOR STØTTA
FRÅ SPONSORANE VÅRE!

EGIL HOVLAND (1924 – 2013)

5. februar i år døde den produktive salmekomponisten Egil Hovland, 88 år gammal. Hovland er den komponisten som har flest melodiar med i Norsk salmebok. Mest kjent er kanskje ”Måne og sol”, som er ein enkel salme som er lett å læra. Også tonen til dåpsalmen ”Fylt av glede over livets under” er det han som står bak. Men Hovland har også skapt store verk, symfoniar, konsertar, korverk, orgelmusikk og anna.

Han var ein av våre mest allsidige og produktive komponistar i nyare tid, og komposisjonane hans vert mykje nytta. Det var han som laga musikken til signeringa av kong Harald og dronning Sonja i Nidarosdomen i 1991.

Gjennom heile sitt yrkesaktive liv var han organist i Glemmen kyrkje i Fredrikstad.



Så kjem hausten smygande med mørkare kveldar og kortare dagar. Det er berre eit nummer til av kyrkjebladet som skal ut i år, og det er advent- og julenummeret.

Dei som vil ha stoff med i det bladet, må senda dette inn innan **8. november**.

Redaktør: Kristoffer Foldøy, 5281 Valestrandsfossen.
E-mail: kristofferfo@gmail.com



Bunad og stakkastovo as

ny bunad

omsaum

bunadsøle

tilbehør

Ring for avtale 56 19 18 00

Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfossen

www.bunadogstakkastovo.no